

REFERAT STYREMØTE 2. MAI 2016 KLOKKA 18:00

Tilstades: Ola Fjerdings, Jarle Ystebø, Camilla Fykse, Roger Vassnes, Martin Lunestad, Lene Huun og Erling Ola Fykse

Sak 1: Kommenterar til innkalling og referat frå siste styremøte

Ingen kommenterar.

Sak 2: Sponsorsamarbeid

Me hadde to personar på besøk som presenterte kva klubben kunne oppnå av inntekter ved å starte opp netthandel med LR. Kva dette innebar av arbeid, kven som gjorde kva og kva det betydde for medlemmane/dei som er vil støtte klubben. Styret vurderar dette vidare og ønsker få tilsendt utfyllande info.

Fotball-lotteriet og salg av kort: nei, grunna bruk av dugnadstimar.

Bruk av eksisterande sponsorar sin logo ved e-post og brevutsending: Ola sender mal på e-post som blir brukt at dei ansatte/styret ved utsending av e-postar.

Sak 3: Banekomiteen

Ikkje velfungerande, treng ein leiar. Sigmund Vik og Ø. Kristiansen hjelper i dag til etter oppmodingar og ønsker frå Roger Vassnes og Erling Ola Fykse. Karsten Samland rydder til tider bana. Roger kontaktar aktuelle kandidatar til leiar av bankomiteen.

Sak 4: Instruks til materialforvaltar

Forslag til instruks lagt fram og godkjent. Ola vidareformidlar til materialforvaltar.

Sak 5: Godtgjøring for klubbdommere:

Satsane blir 100 kroner pr. 5ar-kamp og 200 kroner pr. 7ar-kamp ved bruk av klubbdommarar.

Sak 6: Personalsak

Sak 7: Øystese Cup – oppdatering:

113 lag påmeldte pr. dags dato. 530 personar ønsker overnatting.

Sak 8: Personalsak

Sak 9: Premieskap

Roger tek kontakt med aktuelle personar for å setta opp skapet.

Sak 10: Sogndal Cup

Påmeldingsfrist 5. mai. Må trekke jenter 03 grunna anna arrangement. Dei som fortsatt kan reise blir med 02 jenter. Ellers er det fortsatt nokon lag som har litt få påmeldte spelarar. Dato for Sogndal Cup møte blir onsdag 1. juni klokka 18:00.

Sak 11: Jentefotballens Dag

12. juni. Det vil bli aktivitetar på bana, all fotballspelande jenter i Kvam blir invitert. Det er J19 kamp som avsluttar dagen, dei stiller også som instruktørar under øvelsane. Joao Vitor kjem med innspel til aktivitetar. Roger kontaktar Reidun Braut for eige program med skadeforebygging.

Sak 12: Økonomi 1. kvartal

Ein ligg i pluss både på Øystese Fotball og IFO/FFO. Henholdsvis med ca. 150.000 og 50.000 kroner.

Sak 13: Sponsoravtalar

Manglar nokon avtalar som ein ønsker å få digitalisert. Roger forsøker å få tilsendt desse, kan lagast nye avtalar dersom ein ikkje finn dei igjen.

Sak 14: Vedlikeholdsavtale Kvam Herad

Oppretta dialog angående ny avtale, Jarle Ystebø tek dialogen.

Sak 15: Siderfestival konsert

ØF blir med i 2016, føresler samme fordeling som i 2015.

Sak 16: Medlemsopplysningar i KlubbAdmin

Kasserar fekk svar på nokon spørsmål opp mot oppretting av profil og bruk av denne.

Sak 17: Dropbox

Endra eigar frå Jarle til styret@oystesefotball.no

Sak 18: Oppdatering kvalitetsklubb-prosjektet

Leiar og Sportssjef har vore på samling i Bergen. Har dialogen vidare med kretsen og tek utgangspunkt i å ha neste møte med krets før sommarferien.

Sak 19: Eventuelt

Deltakelse frå ungar fødde i 2011 på treningar med dei som er fødde i 2010. Roger snakka med trenarane om dette er i orden.

17-mai toget, vil me bidra? Ingen respons/idear på spørsmålet om bidrag så ein føreheld seg passiv denne gangen.

Kollisjon mellom skulekorpset sine øvingar og fotballtreningar på onsdagar. Fotballen legg til rette så godt som muleg slik at aktivitetar ikkje skal kollidera. Treningar må gjennomførast på onsdagar skal ungane ha tilbud om å spele fotball i Øystese.

Neste møte er satt til 1. juni klokka 19:00.

